



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sissel Hol, 71 25 84 49

Fordeling av skjønnsmidlar og fylkesløft/prosjektskjønn for 2024

Vi viser til brevet vårt frå 2. mars i år om innspel til ordinære skjønnsmidlar og fylkesløft/prosjektskjønn.

Statsforvaltaren tildeler årleg skjønnsstilskot til kommunane. For 2024 skal 51,6 millionar kroner fordelast. Statsforvaltaren har på bakgrunn av retningslinjene for skjønnsdeling og søknader frå kommunane fordelt 38 714 000 kroner av ramma.

Tildelinga er på følgande grunnlag:

- Språkdeling: Vi har gitt ein fast sum til dei kommunane som har ekstraavgifter knytt til språkdeling. Dette er tildelt kommunar som på grunn av kravet om begge målformer må opprette ekstra grupper i grunnskolen.
- Implementering av nasjonal rovviltpolitikk: Skadeførebyggande og konfliktdempande tiltak i regi av kommunen der aktuelle interesser er representert.
- Skyss av helsepersonell: Vi har gitt ein kompensasjon til dei kommunane som har særskilte utgifter til ambulansetjenester på grunn av sin geografi.
- Barnevern: Utgiftene knytt til barnevern, og spesielt til barn under omsorg, varierer mykje mellom kommunane. Vi kompenserer dei kommunane med dei største utfordringane i fylket. Vi har i utgangspunktet kompensert dei kommunane med eit uforholdsmessig høgt tal på barn under omsorg sett opp mot fylkessnittet. I tillegg har vi kompensert dei kommunane som kom uheldig ut i forhold til barnevernsreforma.



- Generell vurdering: Her har vi fordelt ein sum ut i frå ei totalvurdering av kommunen sin økonomi.

Spesielle saker: Her har vi kompensert både enkeltsaker og meir generelle utfordringar. Av spesielle enkeltsaker har vi kompensert:

- 1505 Kristiansund; 500 000 kr for sin regionsenterfunksjon.
- 1506 Molde; har fått 500 000 kr for sin regionsenterfunksjon.
- 1507 Ålesund; 500 000 kr for sin regionsenterfunksjon.
- 1520 Ørsta; 500 000 for utgifter grensejustering Bjørke/Viddalen.
- 1577 Volda; 500 000 for utgifter grensejustering Bjørke/Viddalen.
- Ressurskrevjande tenestemottakarar: Utfordringane knytt til ressurskrevjande tenestemottakarar kan variere mykje mellom kommunar. Vi har gitt ein kompensasjon til dei kommunane som har høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar utover fylkessnittet. Kommunar med færre enn 3200 innbyggjarar som har høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar får tildeling gjennom tilleggskompensasjon kap 575.
- Helseplattforma: Her har vi forskottert ein prosentvis sats for innføringa av helseplattforma for dei kommunane som har gjort vedtak om opsjon på Nordmøre. Resterande 3 kommunar som vedtar opsjon for innføring av helseplattforma vil få utbetalt lik sats.

Stranda kommune vil få utbetalt sine skjønnsmidlar seinare i 2024 og blir knytt opp mot arbeidet med tiltaksplanen for å kome i økonomisk balanse.

Kontaktperson for ordinære skjønnsmidlar er Sissel Hol, tlf 71 25 84 49.

Skjønnsmidlane gjennom ordinært skjønn vert utbetalt gjennom rammetilskotet for 2024 over 10 terminar.

Fylkesløft/prosjektskjønn 2024

Ein del av skjønnsmidlane skal gå til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane. Målet med **Fylkesløft** er å gi kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar i si verksemd. Prosjektets mål må vere å styrke kommunen sin rolle som tenesteproducent, myndigheitsutøvar, lokaldemokratisk arena og samfunnsutviklar, slik at oppgåvene blir løyst på ein betre måte.



For 2024 har følgende prosjekt fått støtte:

Kommune	Prosjektnavn	Prosjektnr. i ISORD	Tildeling i kroner
1505 Kristiansund	E-lås Møre og Romsdal	15-23-0037	1 850 000
1506 Molde	Automatisering og robotisering for kommunene i ROR-IKT-samarbeidet	15-23-0038	900 000
1506 Molde	Krisesenter og kulturskole sammen for barn og forelder i krise	15-23-0039	300 000
1506 Molde	Kartlegging av interkommunale samarbeid i Møre og Romsdal	15-23-0047	500 000
1515 Herøy kommune	Helseplattformen i Sjustjerna 2024	15-23-0016	1 200 000
1507 Ålesund kommune	Helseplattformen - Nordre Sunnmøre 2023	15-23-0023	1 200 000
1506 Molde kommune	Helseplattformen i ROR 2024	15-23-0027	1 600 000
1505 Kristiansund kommune	Helseplattformen i Kristiansund og Nordmøre i 2024	15-23-0028	1 200 000
Sum			8 750 000

Kontaktperson for prosjektskjønn/fylkesløft er Maria Laingen, tlf 71 25 85 27.

Utbetaling av Fylkesløft (prosjektskjønn) skjer gjennom rammetilskotet i januar 2024. Statsforvaltaren vil be kommunen om ei sluttrapportering på prosjekta i slutten av januar i 2025.

Den kommunevise fordelinga går fram av vedlagte tabell.

Med helsing

(e.f.)

Sissel Hol
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Skjønnsmidlar - kommunevis oversikt over tildeling 2024



Mottakere:

Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND